

## Rapport om målbruk i offentlig teneste 2007

---

Rapport om målbruk i offentlig teneste – 2007 .....	3
Om rapporten.....	3
Rapporteringspliktige statsorgan og informasjon om datamaterialet .....	3
Nøkkeltal .....	3
Resultat.....	5
Tabell 1 Rapporteringsinformasjon i 2007 – statsorgana departementsvis .....	5
Tabell 2 Nynorskprosent i papirtilfang – statsorgana departementsvis.....	6
Tabell 3 Nynorskprosent i papirtilfang under ti sider – statsorgana departementsvis.....	7
Tabell 4 Nynorskprosent i alt papirtilfang – statsorgana departementsvis.....	8
Diagram 1 Statsorgan som ikkje har levert rapport – departementsvis i 2007 .....	9
Papirtilfang .....	10
Diagram 2 Papirtilfang 2005, 2006, 2007 .....	10
Diagram 3 Gjennomsnittleg nynorskprosent 1994—2007 .....	11
Tiltaksplanar.....	11
Diagram 4 Statsorgan som har levert tiltaksplan – departementsvis .....	12
Diagram 5 Gjennomsnittleg nynorskprosent for statsorgan som har levert tiltaksplan.....	12
Skjema.....	13
Skjema i bruk 2005–2007.....	13
Diagram 6 Skjema på begge målformer i 2005, 2006 og 2007.....	13
Nettsider .....	14
Diagram 7 Nettstader med 25 % nynorsk eller meir 2005–2008 .....	14
Diagram 8 Utvikling i nynorskprosent på statlege nettsider 2005–2008 .....	15
Klagesaker.....	16
Diagram 9 Klagesaker .....	16
Saksbehandling i Språkrådet .....	17
Diagram 10 Utvikling i restanseprosent i Språkrådet.....	17

## Rapport om målbruk i offentlig teneste – 2007

### Om rapporten

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan under departementsnivå følgjer opp lova om målbruk i offentlig teneste. Rapport om målbruk i offentlig teneste 2007 frå Språkrådet er basert på eigenrapportering frå statsorgana sjølve. Rapporten blir levert til Kultur- og kyrkjedepartementet og inneheld tal for 2007, med samanlikningar av tidlegare rapportar og enkelte prognosar framover i tid.

Til rapporten er det vedlagt rådata om skjema, nettsider og papirtilfang (tre dokument).

### Rapporteringspliktige statsorgan og informasjon om datamaterialet

Rapporteringa omfatta i 2007 156 sentrale statsorgan under departementsnivå, omtrent det same som i 2006. Hausten 2008 var det 16 statsorgan som ikkje hadde levert rapport. Sakene vart oversende til Kultur- og kyrkjedepartementet. Tala i rapporten baserer seg på rapportar frå 140 statsorgan.

Data frå 1994 og fram til i dag er tekne med i tidlegare rapportar om målbruk frå Språkrådet. Måten dataa er behandla på i dag, tala på statsorgan og inndelinga i departement har endra seg mykje sidan 1994, men tala er tekne med for å vise historikken til tilsynet og visse utviklingstendensar. Tal frå 2005 og framover er mest samanliknbare. Der det ligg føre tal, vil også nokre tal frå 2008 vere med i rapporten, mest for å syne kva retning tendensane går i.

Tal for papirtilfang er baserte på rapportar frå statsorgana sjølve.

Tal for nettstader er baserte på rapportar frå statsorgana og nettsidesøk utførte av Språkrådet.

### Nøkkeltal

Oppsummering i stikkordsform:

- Tal på statsorgan som oppfyller krava i mållova informasjon på papir, har stige.
- Gjennomsnittsprosenten nynorsk i papirtilfang er stabil.
- Nynorskprosenten på statlege nettsider har gått ned frå 2006 til 2007<sup>1</sup>.
- Statsorgana som har levert tiltaksplan, har noko høgare gjennomsnittsprosent nynorsk enn dei som ikkje har levert tiltaksplan.
- Det er rapportert om dobbelt så mange skjema i bruk i 2007 som i 2006, men prosenten skjema som finst på begge målformer, er stabil.

---

<sup>1</sup> Tala for 2008 er klare når denne rapporten blir skriven. Dei viser at talet på nettstader som har minst 25 % nynorsk, er dobla sidan 2007. Desse tala baserer seg på søk Språkrådet har gjort på nettstadene, kombinert med rapportar frå statsorgana.

- I saksbehandlingen av rapporteringssaker i Språkrådet er restanseprosenten høgare i 2007 enn i 2006.<sup>2</sup>
- Talet på klagesaker har blitt dobla sidan 2006.

I 2007 var det 39 statsorgan under departementsnivå som oppfylte kravet om minst 25 % nynorsk i informasjonstilfang på 1–10 sider, mot 34 i 2005 og 35 i 2006. I tilfang på over 10 sider var det 41 statsorgan som hadde 25 % nynorsk, mot 30 i 2005 og 26 i 2006. Nynorskprosenten har altså auka i papirtilfanget sidan rapporten frå 2006. 17 av 140 statsorgan som har levert rapport, oppfyller krava i mållova i begge kategoriane tekstar samstundes.

Når det gjeld gjennomsnittleg prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider og i tilfang på over 10 sider, er tala høvesvis 26 % nynorsk og 14 % nynorsk. Frå 2005 til 2006 var det registrert ein auke i prosent nynorsk i papirtilfang på 1–10 sider. Gjennomsnittsprosenten frå 2007 held seg omtrent på det same nivået som i 2006. Det er ein svak auke i tilfang på over 10 sider. Gjennomsnittsprosenten har her lenge vore 12, no har han stige til 14.

Statsorgana rapporterte om til saman 2574 skjema. 1178 finst på begge målformer, 1268 berre på bokmål og 128 berre på nynorsk.

Språkrådet mottok 18 klagesaker i 2006 (22 i 2005). I 2007 mottok Språkrådet 35 klagesaker.

Statsorgana fekk i 2006 pålegg om å utarbeide tiltaksplanar. I 2007 hadde 98 statsorgan levert tiltaksplan. Tala syner at dei statsorgana som har levert tiltaksplan, har noko høgare gjennomsnittsprosent nynorsk enn dei som ikkje har levert tiltaksplan.

Det er Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet som i reelle tal har flest rapporteringspliktige statsorgan, flest statsorgan som ikkje har rapportert, og også flest statsorgan som har under 5 % nynorsk i papirtilfang under 10 sider (til saman 24 statsorgan under desse departementa). Kunnskaps- og kultursektoren i det offentlege utgjer 47 % av respondentane i materialet (66 av 140 statsorgan) og pregar resultatane positivt og negativt.

Tiltaka i språktenesta for statsorgan som skal fungere som eit verkemiddel i arbeidet med måljamstillinga, er samordna med tilsynet. I 2007 hadde språktenesta 11 opplæringsoppdrag og kurs i nynorsk, 13 som galdt begge målformer og 13 for berre bokmål. Språktenesta har i samarbeid med Direktoratet for forvaltning og IKT laga ei felles nettside [www.klarspråk.no](http://www.klarspråk.no) i 2008, der mange verktøy for å lære god nynorsk (og bokmål) blir lagde ut. Det er grunn til å tru at språktenesta fungerer godt også som eit verkemiddel for måljamstilling, men det er for tidleg å påvise direkte samanheng eller utvitydig tendens.

---

<sup>2</sup> Tal frå 2008 viser likevel at restanseprosenten er på veg ned frå 2007 til 2008.

## Resultat

I attgjevinga av resultatane nedanfor er det ikkje berre lagt vekt på korleis statsorgana som gruppe fordeler seg. Nokre av resultatane er også analyserte med omsyn til kva departement statsorgana sorterer under. Etersom Kultur- og kyrkjedepartementet fører tilsyn med mållova på departementsnivå, gjev analysen til Språkrådet på denne måten eit tilleggsgrunnlag for å sjå korleis ulike sektorar innanfor det offentlege arbeider med mållova.

Informasjonen som ligg i dataa i tabellane nedanfor blir visualisert i ulike diagram i rapporten.

**Tabell 1 Rapporteringsinformasjon i 2007 – statsorgana departementsvis**

Departement	Tal på rapporteringspliktige organ	Tal på statsorgan som har rapportert	Tal på statsorgan som ikkje har rapportert	Tal på statsorgan som har levert tiltaksplanar	Prosent tiltaksplanar i statsorgan
AID	11	9	2	5	56 %
BLD	8	8	0	6	75 %
FAD <sup>3</sup>	0	0	0	0	0 %
FD	8	8	0	5	63 %
FIN	7	6	1	2	33 %
FKD	3	3	0	3	100 %
HOD	8	8	0	7	88 %
JD	13	13	0	10	77 %
KD	49	44	5	31	70 %
KKD	17	12	5	7	58 %
KRD	3	3	0	2	67 %
LMD	6	6	0	6	100 %
MD	6	5	1	4	80 %
NHD	8	7	1	5	71 %
OED	2	2	0	2	100 %
SD	5	4	1	3	75 %
UD	1	1	0	1	100 %
<b>Totalt</b>	155 <sup>4</sup>	139	16	98	71 %

<sup>3</sup> FAD hadde ingen rapporteringspliktige statsorgan i 2007.

<sup>4</sup> Domstoladministrasjonen har ikkje eit overordna departement. Talet på statsorgan som skal rapportere, var difor eigentleg 156. Domstoladministrasjonen kjem ikkje med i denne tabellen.

Det er 17 departement i 2007. Dei 155 statsorgana som var rapporteringspliktige i 2007, er underlagde desse departementa. 71 % av respondentane har levert tiltaksplan. Justis-, kultur-, og kunnskapssektorane er dei store sektorane med omsyn til målbruk i det offentlege, dvs. dei sektorane med flest rapporteringspliktige statsorgan.

**Tabell 2 Nynorskprosent i papirtilfang – statsorgana departementsvis**

<b>Nynorskprosent i papirtilfang på over ti sider – tal på statsorgan per departement</b>				
<b>Departement</b>	<b>Tal på statsorgan med minst 25 %</b>	<b>Tal på statsorgan med 24,9–5 %</b>	<b>Tal på statsorgan med under 5 %</b>	<b>Tal på statsorgan som ikkje har tilfang</b>
<b>AID</b>	5	0	2	2
<b>BLD</b>	2	0	1	5
<b>FAD</b>	0	0	0	0
<b>FD</b>	0	1	4	3
<b>FIN</b>	0	0	2	4
<b>FKD</b>	1	0	1	1
<b>HOD</b>	2	3	2	1
<b>JD</b>	3	1	3	6
<b>KD</b>	14	10	17	3
<b>KKD</b>	5	0	7	0
<b>KRD</b>	1	1	1	0
<b>LMD</b>	2	4	0	0
<b>MD</b>	0	2	2	1
<b>NHD</b>	2	1	3	1
<b>OED</b>	1	1	0	0
<b>SD</b>	0	1	2	1
<b>UD</b>	1	0	0	0
<b>Totalt</b>	39	26	47	28

Av tabellen går det fram at 24 statsorgan i kunnskaps- og kultursektoren har mindre enn 5 % nynorsk i papirtilfang, og at 19 statsorgan i den same sektoren har minst 25 % nynorsk. Det er altså fleire statsorgan som har ein svært låg nynorskprosent i denne sektoren enn statsorgan som oppfyller krava i mållova. Dette gjeld i papirtilfang på over 10 sider. Dersom ein ser korleis dei næringslivsorienterte statsorgana plasserer seg, ser ein at tilhøvet er omvendt. Dette er rett nok ein langt mindre sektor, men det til saman 6 statsorgan under Fiskeridepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Olje- og energidepartementet og Landbruks- og matdepartementet som innfrir krava i mållova i dette tilfanget. Talet på dei som har under 5 % nynorsk, er 4.

**Tabell 3 Nynorskprosent i papirtilfang under ti sider – statsorgana departementsvis**

<b>Nynorskprosent i papirtilfang på under ti sider – tal på statsorgan per departement</b>				
<b>Departement</b>	<b>Tal på statsorgan med minst 25 %</b>	<b>Tal på statsorgan med 24,9–5 %</b>	<b>Tal på statsorgan med under 5 %</b>	<b>Tal på statsorgan som ikkje har tilfang</b>
<b>AID</b>	2	6	1	0
<b>BLD</b>	3	2	2	1
<b>FAD</b>	0	0	0	0
<b>FD</b>	1	2	5	0
<b>FIN</b>	4	1	0	1
<b>FKD</b>	0	3	0	0
<b>HOD</b>	3	4	1	0
<b>JD</b>	4	5	3	1
<b>KD</b>	14	18	12	0
<b>KKD</b>	3	5	4	0
<b>KRD</b>	0	2	1	0
<b>LMD</b>	2	4	0	0
<b>MD</b>	0	3	1	1
<b>NHD</b>	3	3	1	0
<b>OED</b>	2	0	0	0
<b>SD</b>	0	2	1	1
<b>UD</b>	0	1	0	0
<b>Totalt</b>	41	61	33	5


Dersom ein ser tabell 3 og tabell 2 under eitt, er det tydeleg at papirtilfanget som dominerer i statsorgana, er det som er på under 10 sider (t.d. brosjyrar og pressemeldingar). Det er berre 5 statsorgan som rapporterer at dei ikkje har tilfang i denne kategorien, mot 28 i kategorien tilfang på over 10i sider. I dette tilfanget er det tydeleg at dei næringslivsorienterte statsorgana (FD, LMD, OED og NHD, sjå punktet ovanfor) oppfyller mållova i høg grad. Det er 7 statsorgan under desse departementa som oppfyller 25 %-regelen i mållova, medan det er berre eitt statsorgan som har mindre enn 5 % nynorsk. Stoda er jamn i kultur- og kunnskapssektoren, der 17 statsorgan oppfyller krava i mållova og 16 statsorgan har mindre enn 5 % nynorsk i det aktuelle tilfanget.

**Tabell 4 Nynorskprosent i alt papirtilfang – statsorgana departementsvis**

<b>Departement</b>	<b>Tal på statsorgan som har 25 % i alt papirtilfang</b>
<b>AID</b>	1
<b>BLD</b>	2
<b>FAD</b>	0
<b>FD</b>	0
<b>FIN</b>	0
<b>FKD</b>	0
<b>HOD</b>	0
<b>JD</b>	0
<b>KD</b>	10
<b>KKD</b>	1
<b>KRD</b>	0
<b>LMD</b>	1
<b>MD</b>	0
<b>NHD</b>	0
<b>OED</b>	1
<b>SD</b>	0
<b>UD</b>	0
<b>Totalt</b>	17

Det er 17 av 140 respondentar i materialet til rapporten for 2007 som har minst 25 % i alt papirtilfang. 10 av dei sorterer under Kunnskapsdepartementet. Desse statsorgana blir omtalte nedanfor.

**Diagram 1 Statsorgan som ikkje har levert rapport – departementsvis i 2007**



Det er Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet som i reelle tal har flest rapporteringspliktige statsorgan og flest statsorgan som ikkje har rapportert. Dersom ein ser på diagram 8, side 12, ser ein også at dei har flest statsorgan som har under 5 % nynorsk i papirtilfang. Til dømes har til saman 24 statsorgan under desse departementa mindre enn 5 % i tilfang under 10 sider. Kunnskaps- og kultursektoren i det offentlege utgjer 47 % av respondentane i materialet (66 av 140 statsorgan). Kvaliteten og omfanget på arbeidet med å etterleve mållova i dei statsorgana som er underlagde KD og KKD, pregar resultatane positivt og negativt.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet hadde i 2007 ingen rapporteringspliktige statsorgan. Dette vil endre seg for 2008, då Direktoratet for forvaltning og IKT vart oppretta. Domstoladministrasjonen er eit rapporteringspliktig statsorgan som ikkje har eit overordna departement, og som ikkje er tald med i diagram 1.

Saker som vart oversende departementet på grunn av manglande rapportering, galdt desse statsorgana: Arbeidstilsynet, Bergvesenet, Høgskolen i Buskerud, Høgskolen i Finnmark, Høgskolen i Molde, Kunsthøgskolen i Oslo, Kyrkjerådet, Nasjonalbiblioteket, Norsk lokalhistorisk institutt, Pensjonstrygda for sjømenn, Riksteatret, Sentralskattekontoret for storbedrifter, Statens kartverk og Universitets- og høgskolerådet<sup>5</sup>.

<sup>5</sup> UHR meiner sjølve at dei ikkje er rapporteringspliktige. Språkrådet behandlar statsorganet som rapporteringspliktig inntil det kjem ei avklaring om det motsette. KKD har saka.


## Papirtilfang

- 12 %, dvs. 17 av dei 140 statsorgana som har rapportert, har over 25 % nynorsk i alt papirtilfang.
- 30 %, dvs. 42 av dei 140 statsorgana som har rapportert, har over 25 % nynorsk i papirtilfang på mindre enn ti sider (brosjyrar, pressemeldingar, lysingar og anna).
- 28 %, dvs. 39 av dei 140 statsorgana som har rapportert, har over 25 % nynorsk i papirtilfang på over 10 sider (større rapportar og årsmeldingar).

Tal på statsorgan som har minst 25 % nynorsk i papirtilfang, har auka i løpet av treårsperioden 2005–2007. Diagram 2 nedanfor viser blant anna at det er 4 fleire statsorgan i 2007 enn i 2006 som oppfyller 25 %-regelen i papirtilfang på mindre enn 10 sider. Det er var dessutan 7 statsorgan fleire som oppfylte regelen i 2007 enn i 2006, når det gjeld tilfang over 10 sider.


Dei som har minst 25 % nynorsk i alt papirtilfang, er: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Barneombodet, Datatilsynet, Foreldreutvalet for grunnskolen, Høgskolen i Bergen, Høgskolen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Telemark, Høgskolen i Volda, Høgskolen Stord/Haugesund, Lotteri- og stiftelsestilsynet, Noregs idrettshøgskole, Noregsuniversitetet, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oljedirektoratet, Samordna opptak, Trygderetten og Universitetet i Bergen<sup>6</sup>.

Diagram 2 Papirtilfang 2005, 2006, 2007



<sup>6</sup> Universitetet i Bergen bryt mållova ved å ha for lite bokmål. (Når det gjeld nettsider, har statsorganet for lite nynorsk.) Nokre statsorgan gjev ut store publikasjonar annakvart år på bokmål eller nynorsk og har difor overproduksjon av nynorskstoff det eine året og av bokmålsstoff det andre året.

Diagram 3 Gjennomsnittleg nynorskprosent 1994—2007



I den siste fireårsperioden har nynorskprosenten vorte noko høgare i papirtilfang som statsorgana produserer. Når det gjeld gjennomsnittleg prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider og i tilfang på over 10 sider, er tala høvesvis 26 prosent nynorsk og 14 prosent nynorsk. Frå 2005 til 2006 var det registrert ein auke i prosent nynorsk i papirtilfang på 1–10 sider. Gjennomsnittsprosenten frå 2007 held seg omtrent på det same nivået som i 2006. Det er ein svak auke i tilfang på over 10 sider. Gjennomsnittsprosenten har her lenge vore 12, no har han stige til 14.


### Tiltaksplanar

- 98 av 140 statsorgan som rapporterte i 2007, har levert tiltaksplan.

I 2006 tok Språkrådet til med å krevje tiltaksplanar frå statsorgana. Språkrådet utarbeidde mal for tiltaksplan. I saksbehandlinga i 2007 vart det lagt vekt på at statsorgana måtte levere tiltaksplan dersom dei ikkje hadde gjort det i 2006. Dei som hadde levert tiltaksplan i 2006, vart bedne om å oppdatere planane eller følgje opp særskilde punkt som Språkrådet meinte ikkje var godt nok etterlevde.

I rapporten om målbruk i offentleg teneste frå 2006 blir det sagt at ”ordninga med tiltaksplanar ser ut til å fungere bra. Det er likevel først ved rapporteringa for 2007 at ein vil sjå i kva grad tiltaka har gjeve resultat”. Diagram 5, side 9, viser at statsorgan som har levert tiltaksplan til Språkrådet, har noko høgare nynorskprosent enn dei som ikkje har levert.

**Diagram 4 Statsorgan som har levert tiltaksplan – departementsvis**



Statsorgana under Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) og Kunnskapsdepartementet (KD) er talrike. Dei to departementa åleine har til saman 66 rapporteringspliktige organ, 10 statsorgan som ikkje har levert rapport, og 28 statsorgan som ikkje har levert tiltaksplan.

**Diagram 5 Gjennomsnittleg nynorskprosent for statsorgan som har levert tiltaksplan**




Diagram 5 ovanfor viser at gjennomsnittsprøsenten nynorsk er høgare for statsorgan som har levert tiltaksplan, enn for dei som ikkje har gjort det. I papirtilfang på mindre enn 10 sider er gjennomsnittsprøsenten nynorsk ca. 25 for dei statsorgana som har levert tiltaksplan. For dei som ikkje har levert tiltaksplan, er prøsenten 18. I papirtilfang på mindre enn 10 sider er gjennomsnittsprøsenten 23,5 for dei som har levert tiltaksplan. Det tilsvarande talet for dei

statsorgana som ikkje har levert tiltaksplan, er 20 %. Likevel ser vi at mange statsorgan som ikkje har levert tiltaksplan, innfrir krava i mållova. Ein del statsorgan som i rapporteringshistorikken har hatt høg nynorskprosent, har i saksbehandlinga i Språkrådet ikkje vorte bedne om å setje i verk tiltak. Det kan forklare at ein del statsorgan utan tiltaksplan har svært høg nynorskprosent.


Resultata for 2007 viser at dei statsorgana som *har levert* tiltaksplan, som gruppe har ein høgare gjennomsnittsprosent nynorsk enn dei som ikkje har levert tiltaksplan. Det kan difor sjå ut som om det er ein samanheng mellom høg nynorskprosent og det at statsorganet har ein tiltaksplan. Det er grunn til å tru at kravet om tiltaksplanar i 2006 og oppfølginga i 2007 var ei intensivering av tilsynet som har ført til betre oppfølging av mållova. Statsorgana blir oppmoda til å bruke tiltaksplanen når dei planlegg utgjevingar.

## Skjema

### Skjema i bruk 2005–2007

	Tal på skjema i bruk 2005--2007		
	2005	2006	2007
I alt	1809	1374	2574
Både målformer	886	616	1178
Berre bokmål	866	690	1268
Berre nynorsk	61	68	128

Diagram 6 Skjema på begge målformer i 2005, 2006 og 2007




Statsorgana rapporterte om til saman 2574 skjema. 1178 finst på begge målformer (1268 berre på bokmål og 128 berre på nynorsk).

Talet på skjema i bruk i 2007 er nesten dobla (frå 1376 i 2006 til 2574 i 2007). Det er uråd å vite om denne auken kjem av underrapportering i 2006, overrapportering i 2007, eller om det faktisk har vorte dobbelt så mange skjema i bruk i statsorgana på eitt år. Det kan nemnast som enkeltdøme på tendensen at t.d. Statens landbruksforvaltning har meldt om 213 skjema i 2007, medan dei i 2006 rapporterte om 105. Jamvel om talet på skjema som er i bruk i staten, ser ut til å ha dobla seg sidan 2006, er prosenten for kor mange skjema som finst på begge målformer, den same i 2007 som i 2006 (45 prosent). Dersom auken i talet på skjema er reell, er éi tolking av situasjonen at statsorgana til ein viss grad planlegg nye skjemautgjevingar med omsyn til mållova. Dersom dei ikkje hadde gjort det, ville prosenten av skjema som finst på begge målformer, gått drastisk ned når talet på skjema er dobla på eitt år. Det er mogleg at tiltaksplanane som tilsynet i Språkrådet har kravd frå og med 2006, har påverka resultatata i 2007.

## Nettsider

**Diagram 7 Nettstader med 25 % nynorsk eller meir 2005–2008**




Talet på nettstader som oppfyller krava i mållova, har minka frå 2006 til 2007, dvs. gått frå 16 til 11, men auka frå 2007 til 2008, dvs. gått frå 11 til 25.

Om metoden: Det er søkt i Google på ordpara ikkje/ikke og frå/fra etter formelen: søkjeord «site»:domene. Språkrådet og dei fleste statsorgana har gjort søk etter denne metoden. Resultata må tolkast med skjønn. Det kan variere kor djupt ned i nettstadene Google går. Datamengda er difor i somme tilfelle lita. Mykje av tilfanget som statsorgana legg ut på nettstaden sin, er stoff som ikkje kjem inn under mållova, og som det difor ikkje skal rapporterast om. Slikt tilfang blir likevel talt med etter denne metoden. Det kan også vere at eit dokument som finst på både nynorsk og bokmål, berre blir registrert i den eine målforma fordi dokumenta blir oppfatta som like. Nytt stoff kan drukne i gammalt stoff, og såleis er det vanskeleg å gje statsorgana honnør for godt arbeid i seinare år når Språkrådet i tilbakemeldingane ikkje kan skilje mellom det stoffet som det er arbeidd med i

rapporteringsåret, og det stoffet som er eldre, og som like fullt er underlagt mållova. Språkrådet er klar over at dette kan verke demotiverande for arbeidet i statsorgana. Statsorgana blir på si side oppmoda om å gjere Språkrådet merksam på framgang dersom dei kan dokumentere det med publiseringslister og anna. Veikskapane ved metoden er det orientert om i rapportskjemaet som statsorgana skal sende inn. I saksbehandlinga tek Språkrådet alltid stikkprøver på nettsidene for å sjå om det ligg nynorskstoff synleg på dei øvste nivåa, i menyane og i nyhendesaker.

Språkrådet er ikkje nøgd med at metoden har så store veikskapar, særleg ettersom utgjeving på papir blir mindre i omfang og informasjon på nettsidene berre blir viktigare og viktigare. Vi har ikkje IT-fagleg kompetanse til å utvikle ein betre metode. Språkrådet har heilt sidan 2005 vore i kontakt med Noreg.no om at språklege kriterium i tråd med mållova bør gå inn i den årlege kvalitetsvurderinga av offentlege nettstader. Tilbakemeldinga i 2008 frå Direktoratet for forvaltning og IKT, som Noreg.no etter omorganisering har gått inn, var at eit slikt kriterium har vore vurdert, men det har vore for vanskeleg å finne ein god søkjemetode.


**Diagram 8 Utvikling i nynorskprosent på statlege nettsider 2005–2008**



I 2007 og 2008 har talet på nettstader med mindre enn 5 % nynorsk vorte lågare. Talet på nettstader med over 25 % nynorsk har vorte høgare. I og med at det er vanskeleg å måle den nøyaktige prosenten nynorsk på nettstadene, bør ein tolke diagram 8 som ei visualisering av ein tendens, ikkje som eksakt attgjeving av stoda.

## Klagesaker

Diagram 9 Klagesaker



Språkråd

et mottok 18 klagesaker i 2006 (22 i 2005). I 2007 mottok Språkrådet 35 klagesaker og i 2008 også 35.


Klagesaker gjeld brot på § 6 i mållova om retten til å få t.d. skjema og brev på eiga målform og klager som kjem av brot på forskrifta om målform i eksamensoppgåver. Det er vanskeleg å forklare auken i tal på klagesaker. At i alle fall 40 % av alle skjema ikkje finst på nynorsk (diagram 6), viser at 35 klagarar er eit lågt tal når ein tenkjer på det faktiske grunnlaget for å klage etter § 6 i mållova. Moglege hypotesar som kan forklare auken i talet på klagesaker, kan vere:

- Statsorgana har brote § 6 og forskrifta om eksamensoppgåver oftare i 2007 enn tidlegare.
- Informasjon og rettleiing om mållova og klageretten har blitt betre .
- Medieoppslag om krenking av rettar har styrkt rettskjensla til enkelte.
- I sum at kontakten mellom samfunnet og Språkrådet har vorte tettare (jamfør uttalt strategisk mål om meir samfunnskontakt), noko som vonleg senkar ein mogleg høg terskel for å ta kontakt med klageorganet.

Tala frå 2009 vil kunne stadfeste om auken i klagesaker er ein tendens, eller om det er tilfeldig at talet på klagesaker er dobla på eitt år.

## Saksbehandling i Språkrådet

Diagram 10 Utvikling i restanseprosent i Språkrådet



<b>Rapporteringsår</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>2008</b>
Talet på saksbehandlarar	3	3	3	2
Talet på innkomne rapportar per. 20. mai	128	129	125	123
Talet på behandla rapportar per 20. mai	47	117	54	92
Restanseprosent (prosentvis ubehandla rapportar per 20. mai)	63	9	56	25
Ideell fordeling av saker per saksbehandlar <sup>7</sup>	16	39	18	46

### Dato for første tilbakemelding på innkomne rapportar

2006: 11. april

<sup>7</sup> Ingen i Språkrådet arbeider berre med mållovssaker.

2007: 27. mars

I rapporten frå Språkrådet til departementet i 2006 vart det kommentert at behandlinga ”tek til for seint etter at rapportane er komne. Verknaden av tilbakemeldingane blir på denne måten dårlegare enn dersom behandlinga av rapportane hadde teke til tidlegare og hadde vore fullført tidlegare” (s. 32). Det er viktig å kome tidleg i gang, men det er like viktig å få unna mange saker raskt. Dette poenget blir illustrert i tabellen ovanfor (restanseprosenten frå 2005 til 2008). Tala viser at restanseprosenten i 2006 var svært låg jamført med dei andre åra, sjølv om ein ikkje kom raskt i gang med tilbakemeldingane.

Tabellen ovanfor viser at restanseprosenten har vore generelt høg, med unntak av i 2006, då prosenten var 9. Restansane har auka dramatisk frå 2006 til 2007 (56 %). Restanseprosenten er likevel halvert frå 2007 til 2008. Det er eit mål å redusere restanseprosenten ytterlegare. Før 20. mai i rapporteringsåret bør alle innkomne rapportar vere ferdigbehandla.

